

Årsmelding OIL Friidrett 2011 (kortversjon)

Styret i friidrettsgruppa for 2011 har vore:

Leiar	Morten Skaar (11)
Nestleiar/sportsleg leiar	Mats E. Elvik (10/11)
Kasserar	Ole Johannes Mjøs (2010/-11)
Skrivar	Åse Bergheim (11/12)
Oppmann 6-10 år	Ann Chr. Reigstad (2011/-12)
Oppmann 11-14 år	Herdis Helle (11/12)
Oppmann junior/senior (frå 15 år og oppover)	Bjarte Lohne (10/11)
Styremedlem	Aina Mjøs (11/12)
1. vararepresentant	Jørn Vad (2011)
2. vararepresentant	Trygve F. Mjelde (11)
	Valnemnd: Annette Bru, Bente Midtun og Øystein Borge.

Utanfor styret:

Arrangementsansvarleg: Karl Johan Reigstad (11)

Medlemstal:

Pr. 31.12.2011 har gruppa 262 betalende medlemmar (235 i 2010).

Det var i løpet av sesongen registrert resultat frå 168 utøvarar frå friidrettsgruppa.

På fellestreningane om måndagen på Osterøy stadion er det om lag 100 utøvarar fordelt på alle aldersgrupper.

Administrasjon:

Styret har i driftsåret 2011 hatt 7 styremøte og handsama rundt 60 saker.

Typiske saker har vore: Stemner/arrangement, trening/ samlingar, samt økonomi/sponsorar. Alle møta har blitt halden i klubbhuset på Hatland.

Konklusjon frå sesongen 2011:

Friidrettsgruppa har hatt eit innhaldsrikt år. Sportsleg har me ein gjeng med framgangsrike utøvarar der Hilde Aasheim sin bronsemedalje i hovud-NM på 5000 m og Markus Loftås sine prestasjonar på 400 m hekk og semifinaledeltaking i Junior-VM () toppar. I tillegg har me sankt mange medaljar både i kretsmeisterskap, diverse NM og me har hatt representasjonar for Norge.

Blant dei yngre utøvarane våre har det også vore stor aktivitet og mange er med på trening, stevner og ikkje minst stafettar. På FRI-stafetten var det 40 løparar i klassane for gutar og jenter som sprang, samt 35 vaksne.

På arrangementssida har det vore stor aktivitet med friidrettsleir, mosjonsløp og stevner.

Friidrettsleiren får mykje skryt og vert gjennomført av vår aktive ungdomsgjeng som gjer ein fabelaktig jobb. NCC-leikane vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore gode. Her er me prisgitt alle som bidrar med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Det aukande aktivitetsnivået til friidrettsgruppa gjer at dei økonomiske kostnadane aukar, dette er ei stor utfordring framover i tid. I årets som har gått har det vore jobba godt på sponsorsida og med dugnadsarbeid og gruppa gjekk med overskot. Når me ikkje lenger arrangerer NCC-leikane vil me derimot med dagens kostnadsnivå gå på kraftig underskot.

Derfor for er det framover viktig å utvikla alternative inntektsbringande tiltak/arrangementet dei neste åra.

Sjølv om det er mange engasjerte personar i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats i det å drive og utvikle gruppa, er det grunna aukande aktivitetsnivå viktig både å utvikle og ta vare på desse personane, og det er viktig å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles.

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskjer Dykk lukke til med neste sesong!

Lonevåg 19.februar 2011

Mats Eirik Elvik

Fungerande leiar